

Til sak 11 Forordna gudstenester

Det er biskopen som har ansvar for forordning av gudstenester i dei ulike sokna, og vi er no inne i heilskapeleg gjennomgang av forordninga i heile Den norske kyrkja.

Hamar biskop har bede kyrkjelydane i vårt bispedømme om å gjennomføre pålegget frå sentralkyrkjeleg hald, men oppmodar om ein nøktern gjennomgang, der vi i stor grad tek vare på dei gode ordningane vi har.

Sist vi hadde ein større gjennomgang av gudstenesteforordninga i bispedømmet vårt, var i 2015. (Sjå under, rapport) Før bispevisitasen i 2017 hadde vi ei ny vurdering av forordninga. Det vart ikkje gjort endringar.

Framleis arbeidar vi etter fylgjande forordning:

Bruflat sokn: 43 gudstenester, Nord-Etnedal sokn: 17 gudstenester

Kvar tredje gudsteneste skal vere i Nord-Etnedal.

Alle høgtidsgudstenester skal vere i hovudsoknet Bruflat.

Framlegg til vedtak:

Bruflat sokneråd vidarefører gudstenesteforordninga.

Bruflat sokn: 43 gudstenester Nord-Etnedal sokn 17 gudstenester

Rapport frå soknepresten til Hamar biskop 2015

Gudstenesteforordning

Bruflat sokn

N. Etnedal sokn

Gudstenesteforordninga vart sist gang gjennomgått i 2008. Då vart det nedfelt i forordning frå Hamar biskop at Etnedal skal ha fylgjande gudstenestefrekvens : Bruflat sokn 45, N. Etnedal 20. Det var vidareføring av tidlegare forordning.

Frå 2008 til 2015 har gjennomsnittet vore : Bruflat 43, N. Etnedal 17

Det er ikkje gjeve eksakte kriterier for fastsetting av gudstenesteforordning.

Biskopen tek utgangspunkt i at fastsettinga skal skje etter eit heilheitleg skjønn basert mellom anna på fylgjande grunnlag :

- Antal innbyggjarar i soknet
- Avstand til næraste sokn og gudstenestehyppigheita i nabosokn
- Lokale tradisjonar og gudstenestevanar
- Fellesrådets ressursar
- Antal presteårsverk som soknet har
- Antal dåp og konfirmasjonar
- Særlege satsingar eller strategiske grep

Ein må óg ta omsyn til endringar i folks kyrkjevaner. Kjerna av trufaste kyrkjegjengarar har krympa – også i Etnedal.

Vi har gjennom ei årrekkje arbeidd med å tilpasse oss utviklinga.

Fyrste gudstenestedagen som vart avvikla var 1. nyttårsdag, Gudstenesta i Nord-Etnedal 2. juledag vart flytta til felles gudsteneste på Etnedalsheimen

2. pinsedag vart flytta frå NE kyrkje til Brusveen grendehus. Dei to siste grepa har vore vellukka. Etnedalsheimen får julegudsteneste på ein av juledagane, i staden for på Romjulssøndagen slik det var før. Oppslutninga om pinsegudstenesta på Brusveen har vore stabilt bra, så det var og eit vellukka trekk.

2. påskedag i NE var heller inga god samlingsdag. Vi gjorde difor denne dagen obligatorisk for konfirmantane. Slik får alle konfirmantane med seg ei påske – høgtidsgudsteneste og mange andre søker også til kyrkje denne dagen no.

Dei to fyrste søndagane i openberringstida, etter nyttår, har vore svært krevjande med omsyn til gudstenestedeltaking.

Etter at vi endra konseptet og starta med «Bli kjent i kyrkja di» - vandregudsteneste/bønevandring for konfirmentar (som ein del av konfirmentopplegget) har det vore ei auke i deltakinga av andre i kyrkjelyden som også kjem til gudsteneste.

Då trusopplæringsmidlane kom (i 2011) heldt vi fram med denne tilpassinga. I 2014 hadde vi «ny» familiegudsteneste som avslutning på babysong, året før fekk vi «Lys vaken» - gudsteneste og det same har skjedd rundt «Tårnagentane». Vi har også arbeidd vidare med familiegudstenestene i samband med 4 – og 6- årsbok og innført Barnas påsegudsteneste på 2. søndag i påsketida.

Trusopplæring på ulike trinn har dei siste åra sett endå tydelegare spor i årsplanane våre, så som formidling av basiskunnskap om Bibelen i samband med utdeling av biblar til 10/11-åringar, der konfirmantane også blir invitert.

Sidan vi har gudstenestefri ein søndag i månaden, har gudstenestetallet gått litt ned, frå 45 til 43 i Bruflat og frå 20 til 17 i N. Etnedal.

For å oppretthalde eit godt og tenleg gudstenestetilbod, bør vi ikkje redusere gudstenesteantalet ytterlegare, men det synest realistisk å legge seg på det nivået vi no har.

43 forordna gudstenester i Bruflat sokn og 17 – i Nord-Etnedal sokn.

**Bruflat og N. Etnedal sokneråd, samla til felles møte 17. februar
vedtok framlegget om 43 forordna gudstenester i Bruflat sokn
17 forordna gudstenester i N. Etnedal sokn**

**Kyrkjelydsmøtet 6. mars (felles for begge sokn)
hadde inga merknader til vedtaket.**

I Kyrkjeleg fellesråd vart saka om «Forordna gudstenester» handsama

22. april d.å

**Fellesrådet slutta seg til vedtaket som vart fatta i felles soknerådsmøte
17.02 og bekrefte på kyrkjelydsmøtet 06.03**

Etnedal, mai 2015

Sokneprest Marit Slettum